

Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga  
Boks 7900  
5020 Bergen

### Kommentarer til prognoseinntaket 2016/2017 – Fusa vidaregåande skule.

Viser til utlevert informasjon om prognoseinntaket med kommentarar på møte 14. mars 2016.

Prognoseinntaket for Fusa vidaregåande skule har vore drøfta i leiargruppa og med dei tillitsvalde. Fusa kommune er også informert om inntaket og våre kommentarar. Me gler oss over god søknad til skulen generelt, og er svært glade for auka interesse for NA og akvakultur.

#### Innføringsklasse.

Me håpar at me kan starte opp eit tilbod om innføringsklasse for flykningane i Fusa og tilgrensande områder. Ut frå dei opplysningane me har fått frå Fusa kommune, stemmer talet på søkjarar med det dei meiner har opphaldsløyve og godkjent grunnskuleopplæring. Me har også fått innspel frå Samnanger kommune som skal ta i mot flyktningar i år som kan vera aktuelle for innføringsklasse.

#### Helse- og oppvekstfag.

Svært god søknad til TAF-helse, og søkjarane kjem frå eit større geografisk område. Det kan gje grunnlag for fleire TAF-plassar. Men ut frå ei nøktern vurdering kan me ikkje venta meir enn 5-7 læreplassar. På Vg1 Helse- og oppvekstfag vil me ta inn alle som søker, og meiner at me har kapasitet til å ha 2 klassar dersom det er grunnlag for det. På Vg2 meiner er grunnlag for ein klasse i Helsearbeiderfaget. Den kan delvis kombinerast med Vg2 TAF. Søknaden på Vg2 Barne- og ungdomsarbeider er for lavt til å starte opp klasse hausten 2016. Dersom det kjem fleire søkjarar kan me starte opp ein klasse.

#### Restaurant og matfag

Søknaden til RM er stabilt og gjev grunnlag for å starte opp klasse hausten 2016. Me vil også starte opp Vg2 kokk og servitør sjølv om primærsøkjarar med ungdomsrett er lavt.

#### Studieførebuande - KDA.

Søknaden til KDA er på same nivå som me har hatt til Formgjeving, og meiner det er grunnlag for å starte ein klasse på Vg1. Elevane som vert teke inn til Idrettsprosjektet (volleyball og skiskyting) vert også lagt inn i denne klassen.

#### Naturbruk og akvakultur.

God søknad både til TAF-tilbodet og ordinært Vg1 naturbruk. Me håpar å få tilstrekkeleg TAF-plassar slik at det vert ein klasse på 10-12 elevar. Alle som har søkt TAF vil likevel ikkje få plass, og det kan derfor verta fleire på Vg1 naturbruk. Me ser at det kan verta ei utfordring å få praksisplassar i PTF, men meiner likevel at me kan ta 2 klassar med tilsaman inntil 24 elevar..


Det vert ein ordinær klasse i vg2 akvakultur. Me har også ein del søkjarar som har gjennomført vg2 på andre utdanningsprogram, og nokre som har andre fagbrev men ynskjer omskolering. Felles for desse søkjarane er at dei har gjennomført alle fellesfaga. Me ynskjer derfor å ha dei som ei eiga gruppe i

programfag på vg1 og at dei følgjer den ordinære klassen i vg2 akvakultur i programfaga. Dersom me får på plass ei slik ordning, kan me også ta fleire elevar i ordinær vg1-klasse

#### TIP

Søknaden til TIP er stabil frå 2015. Me er opne for å starte 2 vg1-klassar på TIP dersom det vert grunnlag for det. Av omsyn til søknad til vg2 neste skuleår, er det ynskjeleg å ha så mange på vg1 som mogeleg. Søknaden til TAF-TIP er stabilt god, men det vert ei utfordring å få så mange TAF-plassar som det er trong for. Håper likevel at me kan halda same nivå som inneverande år. Søknaden til PIN gjev grunnlag for å starte 1 klasse.

Eikelandsosen 4. april 2016



Tor Johannes Hjertnes  
rektor